



# Bokstavleik

---

Dette er ein leik som kan gjerast både ute og inne, og ein kan forandre setninga som er utgangspunkt for leiken, til å passe til andre tema.

Setninga er:

----- ynskjer seg ----- frå ----- til jul.

Elevane står i ein stor ring rundt læraren, eller inntil veggane i rommet. Læraren seier til dømes «B» og går mot ein elev. Eleven må da koma opp med namn, gjenstand og stad som skal fyllast inn i setninga: «BRAGE ynskjer seg BUKSE frå BELGIA til jul!»

Dersom eleven ikkje klarer å finne på namn, gjenstand og stad før læraren er framme, er han ute til neste runde.

**Tips:** For yngre elevar kan det vera lurt å bruke litt tid på førehand på å setja saman bokstavrim, og læraren kan med fordel gå sakte mot eleven.

